



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Fråsegn til senkning av vasstand i Gamsebotstjørna

Statsforvaltaren har ingen merknad til søknad om senking av HRV i Gamsebotstjørna i Bergen kommune.

Vi viser til oversending av 25. mars 2021.

Bergen kommune søker om senking av HRV i Gamsebotstjørna som eit midlertidig tiltak fram til permanent tiltak som utførast, seinast i 2030.

Om tiltaket

Gamsebotstjørn har vore ei drikkevasskjelde fram til 2020, og vasstanden har variert i samband med bruk. Dammen vart vurdert i 2018, og det er konkludert med at dammen ikkje oppfyller krava til tryggleik. NVE har satt krav om at det vert gjennomført midlertidig tiltak seinast i 2021, og permanente tiltak for å oppfylle krava om damtryggleik innan utgangen av 2030.

Det midlertidige tiltaket er å permanent senke HRV med 1,5 meter, og ytterlegare 1,5 meter vinterstid, totalt 3 meter.

Det skal etablerast ein opning i dammen der flaumløpet går i dag. Flaumvegar er uendra. Det skal etablerast ein mellombels riggplass som vert fjerna etter anleggsslutt. Det er ikkje planlagt å etablere anleggsveg. All transport av materiale skjer med helikopter.

Området er eit mykje brukt friluftsområde lokalt. Karuss er einaste fiskeart registrert i Gamsebotstjørna.

Dammen er lagt ned som reservevasskjelde. Kommunen vil i tida fram til 2030 òg vurdere nedlegging av dammen.

Vår vurdering

Det er naudsynt å gjennomføre tiltak for å oppfylle gjeldande krav til damtryggleik, og det må akseptrast noko mellombels ulempe for allmenne interesser. Det er ikkje registrert viktige, utvalde



eller raudlista artar/naturtypar innafor området. Det er registrert karuss i Gamsebotnstjørna. Karuss er ikkje ein naturleg førekommande art i Vestland. Om noko, bør det vurderast å gjennomføre tiltak for å fjerne karussen frå vatnet.

Området er av Bergen kommune v/bymiljøetaten, registrert som eit særskilt viktig friluftslivsområde. Magasinet har fram til 2020 vore regulert, vi vurderer at senking av HRV i liten grad vil endre dagens (fram til 2020) situasjon.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Bergen kommune Postboks 7700 5020 BERGEN